

# Årsplan

## Hauemarkja Barnehage

2023 – 2024

**Små og store  
hand i hand,  
knyter gode  
venskapsband**

## **Innhaldsliste:**

1. Presentasjon av barnehagen
2. Kontakinformasjon
3. Samarbeidsutval
4. Samarbeidspartar
5. Barnehagelova
6. Rammeplanen
7. Satsingar i barnehagen
8. Hauemarkja barnehage - vår visjon
9. Overgang barnehage-skule
10. Livet på ei småbarnsavdeling
11. Observasjon og vurdering
12. Likestilling, likeverd og mangfald
13. Leik og læring
14. Inkludering
15. Foreldresamarbeid – regelmatrise
16. Klubb og grupper
17. Personalsamarbeid
18. Praktisk informasjon
19. Barnehageruta 2023-24
20. Årskalender

### **1. PRESENTASJON:**

Hauemarkja Barnehage har 4 avdelingar og saman 76 plassar.

- Maurtua
- Blomsterenga
- Solsikka
- Marihøna

Maurtua og Blomsterenga er storebarnsavdelingane og Marihøna og Solsikka er for dei minste barna.

Barnehagen ligg sentralt til på Larsnes. Med byggefelt, Sandetun og kommunale omsorgsbustadar rett ved, er vi midt i eit levande miljø.

Butikkar, bank, bibliotek, gymsal, skule, ferge, rådhus, legesenter og kyrkja ligg også rundt oss i kort gåavstand.

Hauemarkja barnehage vart opna i 1991, og påbygd med ei tredje avdeling i 2004. Den fjerde avdeling kom til i 2015. Det var foreldra som bygde, eigde og dreiv Hauemarkja barnehage gjennom Stiftelsen Hauemarkja barnehage. I oktober 2017 tok Sande kommune over både eigedom og drift.

Leiarane på avdelingane lagar planar for kvar månad, bygde på lovverk og årsplanen. Planane sei noko om innhald, mål, PALS-fokus og anna informasjon til føresette. Planane vert lagde i Vigilo.

## **2. KONTAKTINFORMASJON:**

<p><b>Oppvekstsjef</b>            Odd Gunnar Myhre            Tlf. 901 95 701            Epost:  <a href="mailto:odd.gunnar.myhre@sande-mr.kommune.no">odd.gunnar.myhre@sande-mr.kommune.no</a></p>	<p><b>Hauemarkja Barnehage</b>            Haugen 2            6084 Larsnes            Epost:  <a href="mailto:hege.beitveit@sande-mr.kommune.no">hege.beitveit@sande-mr.kommune.no</a></p>	<p><b>Einingsleiar:</b>            Hege Beitveit            Mob: 468 90 362            Priv. 414 76 186            Epost: <a href="mailto:hege.beitveit@sande-mr.kommune.no">hege.beitveit@sande-mr.kommune.no</a></p>
---	--	--

<b>Marihøna</b>	<b>Blomsterenga</b>
Bente-Lise Nygård	Solrun Slettestøl Janne Renate Nygård
Avd.tlf: 476 28 034	Avd.tlf: 476 30 214
<a href="mailto:bente-lise.nygard@sande-mr.kommune.no">bente-lise.nygard@sande-mr.kommune.no</a>	<a href="mailto:solrun.slettestol@sande-mr.kommune.no">solrun.slettestol@sande-mr.kommune.no</a>  <a href="mailto:janne.nygard@sande-mr.kommune.no">janne.nygard@sande-mr.kommune.no</a>
Greta Moldskred Janne Slettestøl	Marit Torset Oksana Malinovska

<b>Maurtua</b>	<b>Solsikka</b>
Veronica Follestad <a href="mailto:veronica.stromsnes.follestad@sande-mr.kommune.no">veronica.stromsnes.follestad@sande-mr.kommune.no</a>	Mariela Haugen <a href="mailto:mariela.haugen@sande-mr.kommune.no">mariela.haugen@sande-mr.kommune.no</a>
Mira Martine Gjerde <a href="mailto:mira.martine.gjerde@sande-mr.kommune.no">mira.martine.gjerde@sande-mr.kommune.no</a>	
Avd.tlf. 476 32 107	Avd.tlf. 476 28 859
Ragnhild Dyrhol Lisbeth Kvamme	Merete Sjåstad Weronika Gadomski

### **3. SAMARBEIDSUTVAL VED HAUEMARKJA BARNEHAGE:**

Samarbeidsutvalet (SU) er samansett av ein representant frå personale og ein representant frå foreldre, samt styrar og ein kommunal representant.  
Nye representantar valgt hausten 2022.

Foreldrerepresentant	Martin Dimmen (leiar)
Foreldrerepresentant, vara	Helene Nygårrd
Tilsettrepresentant	Janne Slettestøl (nestleiar)
Tilsettrepresentant, vara	Marit Torset
Kommunal representant	Magnus Hjelle
Kommunal representant	Geir Torsvik
Einingsleiar, skrivar	Hege Beitveit

### **4. SAMARBEIDSPARTAR:**

- PPT: Vi samarbeider med PPT i arbeidet med PALS. PPT er også den mest nytta rådgjevande tenesten vi har, og vi har både formelt og uformelt samarbeid med dei. PPT kan vere samarbeidspart i enkeltsaker, i gruppesaker eller i systemsaker.
- Helsestasjon/legesenter: Helsetsasjon/legesenteret er ein samarbeidspart i saker der barn har medisinske eller pedagogiske utfordringar, når ein treng opplæring innan medisinering eller på andre måtar treng hjelp frå dei. Helseetaten er også ein samarbeidspart i høve førebyggjande arbeid av ulik art. Vi samarbeider også med helsestasjonen i høve overgang barnehage – skule. Helsestasjonen er ein naturleg samarbeidspart, sidan dei kjenner alle borna i Sande under skulealder.
- Andre vi samarbeider med: barnevernstenesta, NAV, BUP, Tannhelsetenesta, Larsnes oppvekstsenter, Gursken oppvekstsenter, Sande bibliotek, Sandetun, Sande brann og redning, Larsnes Kyrkje, dei andre barnehagane i Sande og andre i lokalmiljøet.

### **5. BARNEHAGELOVA:**

«Barnehagen skal i samarbeid og i forståing med heimen ta vare på barna sine behov for omsorg, leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfrigkeit, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettigheitene.»  
(Barnehagelova § Formål, 1 .ledd)

## **6. RAMMEPLANEN:**

Rammeplanene er styringsdokumentet til barnehagen og dermed eit grunnlag som vi jobbar etter. Rammeplanen set mål for kva innehald barnehagen skal ha, og stiller tydelege krav til personalet.

Omsorg er ein føresetnad for tryggheit og trivsel, og for utvikling av empati, ansvar, omsorg og respekt for andre. Borna skal få den hjelpa og støtta dei treng, og personalet skal legge til rette for gode relasjonar mellom barna og personale, og mellom borna.

Rammeplanen er også delt inn i 7 ulike fagområder.

Fagområda speglar områda som har interesse og eigenverdi for barna, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.

Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjement og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meiningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna si interesse for fagområda skal stimulerast, og barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdset ulike uttrykk og meininger.

**Dei 7 fagområda:**

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur, kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengde, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

## **7. SATSINGAR I BARNEHAGEN**

Sande Kommune er med i interkommunale satsingar i samarbeid med Udir og Høgskulen i Volda. Heile utdanningsløpet til barna via barnehage, barneskule og ungdomsskule heng saman i ein raud tråd.

Vi jobbar med språk, lesing, nynorske bøker, språkstimulering, generell omgrepsslæring, samlingsstunder, litteraturformidling, song, rim, reglar, samtalar, biletar, konkretar, musikk, drama, turar, leik, forsking og undring saman med barna på tal, mengder, matematiske omgrep m.m. er strategien ein vil nytte. Dette vil gjennomsyre alt arbeidet vårt; også dei tidsavgrensa temabolkane.

Vi har konkrete språkstimulerande verktøy; t.d. Snakkepakken, Språksprell, og Steg for steg.

Målet med å jobbe med realfag i barnehagen er å gjere barna interesserte og nysgjerrige på realfag, samt å alminneleggjere realfaga. Dette vil vi skal føre til glede og meistring i fag som ofte vert sett på vanskelege og tunge.

## **ASK**

Ein jobbar for at alle barn skal kunne kommunisere med andre, anten det er verbalt språk eller andre måtar å uttrykkje seg på. For å jobbe mot eit samfunn som er universelt utforma, nyttar vi ASK (alternativ og supplerande kommunikasjon) I Rammeplan for barnehagen står det at «Barnehagen skal fremje kommunikasjon og språk», og «være bevisst på at kommunikasjon og språk påvirkar og påvirkast av alle sider ved barnets utvikling».

## **PALS**

PALS står for Positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling, og er ein amerikansk tiltaksmodell som er tiltenkt skulen. Vi har tilpassa modellen til barnehage gjennom eit prosjekt med lokalt PPT og NUBU.

Sosial kompetanse er viktig – det å lære seg å forhalde seg til andre menneske på ein adekvat måte er naudsynt. Sosial kompetanse er nært knytt opp mot språk – det å kunne uttrykkje seg verbalt er viktig for å kunne uttrykkje kjensler, tankar og meininger.

Vi jobbar med å ha klare forventningar til kvarandre, til barna og til foreldra, gje tydelege beskjedar og forsterke positiv atferd. Målet er det same som i skulen; redusere uønska atferd og auke det positive læringsmiljøet.

Vi har arbeidd ut regelmatriser for dei ulike områda – arena – i barnehagen. Matrisene sei noko om kva forventningar vi har til korleis vi opptrer, for at både vi og dei rundt oss skal ha det bra.

Vi har også fokusområder; kvart område går over nokre veker. Døme på fokusområde kan vere «God morgen – ha det bra», «Gode beskjedar» m.m.

Fokusområda gjeld her i barnehagen, men vi vil veldig gjerne at foreldra også har fokus på det.

Det aller viktigaste i PALS-arbeidet og i alt anna arbeid i barnehagen er å jobbe med relasjonane mellom alle menneska som er i barnehagen; barn, foreldre og personale.

## **BTS**

I Sande kommune skal det vere trygt og godt å vekse opp. Likevel kan det oppstå utfordringar og vanskar som gjer at ikkje alle har det så bra. Derfor arbeider vi med prosjektet BTS - Betre Tverrfagleg Samhandling - i Sande, for å sikre at alle born og unge skal få den hjelpa dei treng.

Kommunane er pålagde ved lov å samordne tenestetilbodet på tvers av etatane og tenesteområda. Vi skal samarbeide, og BTS er såleis eit prosjekt for å pålegge og strukturere denne samhandlinga i Sande kommune.

Denne nettstaden strukturerer og konkretiserer korleis dette arbeidet er lagt opp i kommunen vår, og skal gi brukarar og tilsette kunnskap om reiskapar til å utnytte dette tenestetilbodet maksimalt.

## **8. HAUEMARKJA BARNEHAGE – VÅR VISJON:**

### **«Små og store hand i hand – knyter gode venskapsband»**

Hauemarkja barnehage står for livsglede, likeverd og mangfald.

Vi vil at alle barn skal oppleve vennskap, positivitet, kvardagsgleder, tradisjonar, vi-kjensle, samhald, leik og læring.

Vi jobbar aktivt – gjennom PALS – med omgrepene

#### **ANSVAR, OMSORG OG RESPEKT.**

Dette er omgrep som vert nytta i kvardagslivet, og får eit meiningsfullt innhald.

Vi vil at barna skal få styrka sine utviklingsområder og oppleve god progresjon.

Vi vil ut – ut på tur, i gymsalen, på biblioteket, i skogen, på fjellet, i fjøra og ut på leikeplassen rundt barnehagen. Gode felles opplevingar er viktig for samhald, glede, læringsmiljøet og trivsel.

Vi vil at barna skal oppleve meistring i å vere ein del av ei gruppe, og oppleve omsorg, ansvar og respekt. Dette inneber felleskap med andre barn, utvikle vennskap og få allsidig erfaring i sosialt samver.

Dette skjer gjennom leik, konflikthandtering, tydelege voksne, klare forventningar og gode relasjoner.

Vi vil vere ein miljøvenleg barnehage og la barna få kjennskap til kva den enkelte kan gjere for å ta vare på naturen rundt oss her vi bur og jordkloda generelt. Vi har fokus på kildesortering i tråd med SSR sitt system.

## **9. OVERGONG BARNEHAGE-SKULE**

Vi har ein felles plan for overgong frå barnehagen til skulen. Dette for å sikre at viktig informasjon vert overført. Hauemarkja Barnehage har eit godt samarbeid med Larsnes Skule og Gursken oppvekstsenter; som er dei to skulane som skal overta barn frå oss. Vi har møter om vinteren om neste års fyrsteklassingar, og på våren møter kontaktlærarar dei pedagogiske leiarane for overføring av informasjon.

Vi har skulebesøk, samt besøk på sfo på vårparten.

Vi har eit formelt samarbeid med helsestasjonen og PPT året før skulestart. Her gir foreldra løyve til informasjonsoverføring mellom barnehagen, skulen og helsestasjonen.

For barn med særskilde behov er samarbeidet endå tettare, og ein har gjerne møte med skulen og foreldra før barnet sluttar i barnehagen.

Vi samarbeider med PPT og Larsnes oppvekstsenter (og Gursken oppvekstsenter dersom vi har barn som skal ta til på skulen der) og har felles Foreldreskule i høve overgangen frå barnehagen til skulen.

Foreldreskulen har to samlingar på vårparten og to samlingar på hausten etter skulestart. Målet er at foreldra skal få kjennskap til dei ulike hjelpetenestene og verte kjende med kvarandre.

## **10. LIVET PÅ EI SMÅBARNSAVDELING**

På småbarnsavdelinga får borna ein trygg og roleg start på barnehagetida si. For dei aller minste i barnehagen er det viktig å skape trygghet og tillit til barnehagen, både det fysiske miljøet og til menneska der. Frå å gå frå ein trygg omsorgsrelasjon og oversiktleg kvardag i heimen skal borna verte kjende med nye vaksne, fleire born, nye rutiner og nytt innhald i dagen. Omsorg, trygghet og god tilknytning er derfor det viktigaste fokuset på ei småbarnsavdeling. Tilknytning er viktig for korleis barnet vil trivast i barnehagen, og dermed også viktig for leik, læring og utvikling.

Omsorg har ein stor eigenverdi og er nært knytta opp mot oppdragelse, helse og trygghet. Lyttande og engasjerte vaksne som har evne til å vise nærheit og innlevelse skal prege alle situasjonar gjennom dagen. Omsorg i barnehagen handlar både om samspelet mellom borna og dei vaksne og om samspelet mellom borna. Å vise omsorg for kvarandre er viktig for å utvikle sosial kompetanse.

Små born har litt andre behov i kvardagen enn det dei større borna har, ein må gjerne vere meir fleksibel med både mat, soving og stell. Difor vil ein sjå at ein har litt andre rutiner og innhald enn storbarnsavdelingane. Dagsrytma må heile tida justerast etter utviklinga til borna og deira ulike behov. Ein har også mykje utetid på føremiddag slik at borna kan få dekka behovet for søvn seinare på dag.

## **11. OBSERVASJON & VURDERING**

I Sande kommune brukar vi ulike observasjonsmetoder; TRAS, Alle med og Mio. Det vert gjort ein særskilt observasjon av førskulebarna sine omgrep kunnskapar for å tilpasse innhaldet i Raud gruppe (førskuleklubben) best mogleg. Dersom vi er bekymra for eit barn si utvikling, vert foreldra kontakta, og vi ber om ein samtale. Melding til PPT; som er ein rådgjevande instans for alle som har barn og jobbar med barn; vert ikkje gjort uten samtykke frå foreldra.

Alt arbeid vi gjer vert vurdert og evaluert. Dette gjeld både tidsavgrensa temaarbeid og systemarbeid.

## **12. LIKESTILLING, LIKEVERD & MANGFALD**

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfold og gjensidig respekt.



### **13. LEIK OG LÆRING**

Vi vil at barna skal leike mykje i barnehagen. Leik er veldig viktig for barn – det er der dei bearbeider inntrykk og opplevingar, og de øver seg på voksenlivet. Leik har mange gode eigenskapar, som språkstimuering, fantasiutvikling, sosialisering, leik trenar konsentrasjon og oppmerksomheit, turtaking m.m. Vi veit også at leiken har eigenverdi – det å leike er viktig for barna – det skaper glede her og no!

I barnehagen tilrettelegg vi for leik. Dette skjer gjennom leikegrupper og aldersinndelte grupper, og å vere tilstades i kvardagen. Leik skjer også gjennom spontan aktivitet. Vi må av og til hjelpe barn til å starte leik, og veldig ofte hjelpe barn til å oppretthalde leik. Proaktive, engasjerte og leikande voksne får det som regel til.

Barn lærer mykje gjennom leik – om det å vere menneske. Barn lærer gjennom rutiner, samhandling med andre, samlingsstunder, turar i skog og mark, temaarbeid, bøker og alt anna. Barn er lærevillige, nysgjerrige, interesserte og livsglade – noko vi som er voksne rundt dei må nyte for alt det er verdt.

«Det å stille spørsmål ved hvorfor barn leker, er det samme som å stille spørsmål ved hvorfor vi lever» (Olofsson 1993)

### **14. INKLUDERING**

Lov om barnehagar vart endra 01.01.21, og vi fekk nye paragrafar som sei noko om mobbing. Dersom tilsette, foreldre eller barnet sjølv meiner eit barn vert mobba, har barnehagen plikt til å iverksetje tiltak. Ein vil då kalle inn til møte med foreldra og handlingsplan vert skriven på same tid som ein jobbar med tiltak.

## **15. FORELDRESAMARBEID**

**Mål:** Å sikre barna gode utviklings- og aktivitetsmoglegheiter i nær forståing og samarbeid med barna sin heim.

Her har vi utarbeidd ei regelmatrise for samarbeidet mellom barnehagen og heimen – samarbeid med foreldra. Matrisa kan reviderast dersom det kjem fram nye moment.

### **REGELMATRISE, ARENA SAMARBEID HEIM – BARNEHAGE**

Dette er i tillegg til barnehagen sitt formelle ansvar,  
som er skildra i barnehagelova og rammeplanen.

<b>PERSONALET SITT ANSVAR</b>	<b>FORELDRA SITT ANSVAR</b>
Tek umiddelbar kontakt om det «er noko»; skade, sjukdom, mobbing, alvorlege uheldige episodar eller andre ting ein opplever som krev særskilt oppmerksamhet. Personalet tek kontakt ved umeldt fråver i tråd med BTS-rettleiarene.	Tek umiddelbart kontakt om «det er noko». Informerer barnehagen om ting som har betydning for barnets åferd, språk og generell utvikling.
Informerer foreldre om ulike ting i årspann, månadsplan, Hauemarkja-nytt, i andre skriv/brev/epostar, på dagstavler, ved bringing og henting m.m. Informasjonen gjeld alt fra planleggingsdagar, temarabeid, «hugselappar», klubb-turar m.m. Informasjon vert sendt ut i Vigilo.	Syt for at barnet har naudsynt utstyr/kle/fottøy i barnehagen. Tek med våte støvlar/dressar/regnkle heim til tørk. Kjem på møter i barnehagen sin regi, og sei frå om dei ikkje har høve til å møte.
Bringer PALS ut til foreldra på månadsplanane.	Vi forventar at alle lastar ned Vigiloappen og brukar han. Les informasjon som kjem frå barnehagen, og leverar svar innan fristen.
Praktiserar regelverk likt for alle – i den grad det er mogleg grunna ulike behov.	Held sjuke barn heime innan for dei gjeldande smittevernreglane, og held 48-timars-regelen. Stiller på felles dugnad arrangert av FAU.
Opptrer profesjonelt i høve til informasjon ein sit med, og held «barnehaget» kun i barnehagen i tråd med teieplikt og folkeskikk. Kommuniserer med foreldre via Vigilo, ringer eller når ein møtast i barnehagen eller på møte.	Gir beskjed om barnet skal ha fri eller er sjukt ved å registrere i Vigilo. Tek kontakt om «barnehaget» med personalet i barnehagen – ikkje på «privaten». Ringer (på kveldstid) styrar eller ped.leiar om det er særskilde ting vi bør vite om. Tek ikkje kontakt med personale på sosiale media –som er ein privat «kanal». Bruker Vigilo som kommunikasjonskanal i tillegg til telefonsamtalar og møter i barnehagen, samt når ein møtast i barnehagen.
Viser respekt, ansvar og omsorg for foreldra og barnet.	Respekterar reglane barnehagen har; t.d. leiker heimanifrå, held sjuke barn heime, søtsaker m.m.

Ser det enkelte barn og melder frå til ulike hjelpeinstansar dersom det er behov for det. Dette vert gjort i nært samarbeid med foreldre/føresatte og i tråd med lovverket og BTS-rettleiaren.	Sei frå til personalet når dei kjem om morgenon, og når dei går. Syt for å informere andre som bringar/hentar barnet om dette. Bruk Vigilo ved beskjedar.
Tek i mot barn og foreldre om morgenon – så sant ein har høve til det. Sei «hadebra» til barn og foreldre på ettermiddag.	Respekterar «rundkøyringssprinsippet» så sant det let seg gjere. Informerer andre som skal hente barnet om det.

### **«Vegen vert til dersom vi går»**

## **16. KLUBB/GRUPPER**

Vi deler barna inn i grupper etter alder.

### **Raud gruppe – også kalla Klubb, barn f. 2018**

Dette er førskulebarna som går sitt siste år i barnehagen.

Målet er å førebu barna litt til skulestart, og dei trener mykje på ulike omgrep (t.d. preposisjonar, matematiske omgrep m.m.) Det er også eit mål å skape eit fellesskap og vi-kjensle, samt gje dei opplevingar som berre dei har det siste året dei går i barnehagen

Dei lærer også om dei ulike følelsane vi har, og å setje ord på dei. Dette vil ruste barna til å utvikle deira sosiale kompetanse. Vi brukar eit opplegg som heiter «Trampoline».

### **Blå gruppe, barn f. 2019:**

Blå gruppe jobbar systematisk med språkstimulering gjennom eit opplegg som heiter Språksprell. Vi har jobba med Språksprell i mange år, og ser at det har god effekt på mange måtar. Å vente på tur, rytme i orda, lytte til lydar i ord, lytte til andre m.m.

### **Grøn gruppe, barn f. 2020:**

Her jobbast det også systematisk med språk og språkstimulering.

Tema er ulike eventyr som ein jobbar med i fleire veker på ulike måtar. T.d. brukar ein flanellograf, konkretar, drama, musikk, song, bøker og andre måtar å uttrykkje seg på. Ein tek utgongspunkt i Snakkepakken, som er eit metodisk opplegg vi har fått av Helselaget.

Dei borna som er fødde i 2021 og som går på storbarnsavdelingane er med på Grøn gruppe.

### **Gul gruppe, barn f. 2021/22:**

Dette er dei minste barna.

Her vert det mykje song, rim og reglar. Målet er at dei skal oppleve glede ved å vere saman, og ein har samlingsstund kvar gong for å stimulere språkutviklinga.

Gul gruppe er delt i dei to småbarnsavdelingane, og gruppene heiter Gulsniglane og Humlene.

## **17. PERSONALSAMARBEID**

Mål: Alle tilsette skal vere stolte av arbeidsplassen sin, trivast og oppleve meistring. Ein skal og oppleve moglegheiter for fagleg og personleg utvikling.

## **18. PRAKTISK INFORMASJON**

### **Dagen i Hauemarkja Barnehage**

07.00	Barnehagen opnar
8.- 8.30.	Frokost
9.30	Alle barna bør vere komne
10.00	Morgonmøte/samlingsstund Temaarbeid Tur Leikegrupper ute/inne Forming
11.00	Måltid for dei minste/legging
11.30	Måltid for Maurtua og Blomsterenga/legging av dei minste
12.00	Påkledning
12.15	Uteleik Om det er fint ver, vert ein ute til dagen er slutt. Om vinteren/ved dårleg ver går ein inn om lag kl. 14
14.15	Frukt/yoghurt/mat
14.30	Leik, ute eller inne
16.30	Barnehagen stengjer.

### **KLEDE**

Barna treng å ha liggjande minst eit kleskift i barnehagen, det kan ligge i korga eller i sekken. Husk på å sende med nye klede når barna kjem heim med våte/skitne klede. Klede som vert skada eller kjem vekk, vert ikkje erstatta. Regnklede/uteklede må foreldra ta med heim og vaskast kvar fredag eller oftare. Våte kle/støvlar etter regnversdagar skal takast med heim til tørkning. **Alle kle og sko skal vere merka med namn.**

### **BLEIER**

Foreldra kjøper sjølve inn bleier til dei som treng det. Personalaet legg beskjed i Vigilo når det er nesten tomt.

Vi føretrekk "vanlege" bleier, ikkje "trusebleier". Gjer avtalar med personalet om de har særskilde ynskjer.

### **MAT**

Vi serverar vanlegvis all maten i barnehagen. Av og til har vi varm mat (t.d. graut). Vi serverar frokost om lag kl. 8.00 – 8.30. Dei som kjem etter kl. 08.30 må ha ete frokost heime. Dei som kjem tidlegare og ynskjer tidleg frokost, tek med mat. Dei barna som

ikkje drikk mjølk, får tilbod om vatn, event. anna drikke etter avtale med foreldra. Vi vil ikkje at barna har med godteri, «tyggis», kjeks eller andre søtsaker.

## LEIKER HEIMANFRÅ

Vi ynskjer i hovudsak ikkje at barna tek med leiker heimanifrå. Dette fordi det vert mykje konflikter, samt at det kan vere leiker som ikkje eignar seg i barnehagen; vi nemner spesielt småting som kan vere farlege for dei minste barna.

## FØDSELDAGAR

Når barna har fødselsdag flaggar vi i barnehagen. Vi markerer dagen med å lage krone, synge og teikne til barnet. Vi brukar også ha eit lite selskap på avdelinga. Vi set fokus på barnet, og serverar noko lite og enkelt. Vi ynskjer ikkje kake eller søtsaker heimanifrå.

Bursdagsinvitasjonar skal vere i nøytral konvolutt og leggjast i posthylla til foreldra – dersom alle i kullet vert invitert.

**Hugs inkludering – tenk om ditt barn var den einaste på si avdeling/sitt kull som ikkje fekk invitasjon til bursdag.**

## FRÅVÆR

Dersom barna er sjuke eller dei skal ha fri, **skal** vi ha beskjed om dette – tidlegast mogleg. Det er også fint om de gir beskjed dersom barna vert henta tidlegare enn vanleg, i tilfelle vi skal på tur eller liknande. Vert barna henta av andre enn foreldra, **skal** barnehagen ha informasjon om kven. Ein kan ha «ståande avtale» om andre som skal hente. Vi forventar at foreldre nyttar Vigilo-appen til å gje beskjed.

## EKSTRA DAGAR

Barn som har delte plassar kan ved somme høve kjøpe ekstra dagar i barnehagen. Har de behov for det, ta kontakt med personalet. Personalet vurderer situasjonen ut frå antal barn, alder og om det er nokon vekk. Vi ynskjer ikkje å ta inn ekstra barn dersom nokon av personalet avspaserer, er på møter eller ein er i mangel av personale av andre grunnar.

## SJUKDOM

Dersom barna vert sjuke i barnehagen, kontaktar vi foreldra. Vi har som hovedregel at dersom barna er for sjuke til å vere ute, skal dei haldast heime. Dette er fordi vi ikkje har høve til å ha ein av personalet inne for å passe på eit barn. Barnet vil då heller ikkje ha noko godt utbytte av dagen.

Ved magevirus **SKAL** barnet vere vekk frå barnehagen i 48 timer etter siste symptom på oppkast/diare/allmenntilstand.

Barn skal ha vore feberfri i 24 timer før dei kjem attende til barnehagen.

## MEDISIN

Dersom barn har behov for medisinering i barnehagetida, kan personalet hjelpe foreldra med dette. Det må avtalast skrifteleg på særskilde skjema foreldra får på avdelinga.

Medisinen (t.d. antibiotika) **skal** vere

- ferdig dosert (i sprøyter) merka med namn på barnet og medisin.
- Medisin skal **ALDRI** oppbevarast i sekken eller korga til barnet.
- Foreldra har plikt til å gje den til personalet – som skal signere på medisinskjemaet på at den er motteke.
- Personalet skal signere på at barnet har fått medisinen til avtalt tid – for å kvalitetssikre arbeidet vårt.
  - Dersom barnet har særskilde behov som krev dagleg/ofte medisinering, treng personalet opplæring av foreldra/lege/helsestasjon. Dette vil ein drøfte før barnet tek til i barnehagen,

## ALLERGI/KRONISKE PLAGER

Det er fint om foreldre kan legge inn allergiar og/eller kroniske plager barnet har i Helsekortet i Vigilo. Det er fint om de gir beskjed på avdelinga/melding i Viigilo dersom de legg inn endringar på barnet; vi får ikkje opp varsel om endringar.

## GYMSAL

Vi får låne gymsalen på Larsnes skule.

Vi disponerer gymsalen to dagar i veka frå kl.10.15 og ca. ein time utover.

Ein går oftast avdelingsvis.

## PARKERING

Parkeringsplassen vår er altfor liten. Vi har difor prøvt å få til ei praktisk ordning som fungerer greitt dersom alle forheld seg til det. Vi **forventar** at foreldre informerer besteforeldre og andre som skal hente barna deira om dette.

\***Unngå rygging** i størst mogeleg grad.

\*Sperr ikkje vegane til Elverom.

\*Området rundt porten bør vere ope.

\*Tenkt deg ei rundkøyring.

\*Ved foreldremøter og andre arrangement oppmodar vi om å parkere aust for Haugetun.

## RØYKING/SNUSING

Hauemarkja Barnehage er ein røyk- og snusfri barnehage både på dagtid og kveldstid. Det gjeld også ute på barnehagen sitt område – inkludert parkeringsplassen.

## **FORELDREBETALING**

Det er Sande kommune som sender ut faktura for Hauemarkja Barnehage. Juli er betalingsfri månad og august og september vert fakturert saman.

Satsane for foreldrebetalingsa ligg på Sande kommune si heimeside.

Foreldrebetalingsa kan endre seg i tråd med statsbudsjettet.

Betaling for 11 mnd pr år.

## **OPNINGSTID**

Vi har ope frå kl.07.00-16.30. Barnehagen er stengd 4 veker om sommaren, i romjula og onsdag før påske. Det er også stengt 5 dagar når det er plandag. Henting etter stengetid vil medføre eit gebyr. Viser til Sande kommune sine vedtekter for barnehagar.

## **19. BARNEHAGERUTA 2023-24**

Plandag, barnehagen stengt	Mandag 25.09.23
Foreldresamtalar	Oktober & november
Foreldremøte	26.09.23 kl. 20-21.30
Adventsfrokost	Fredag 01.12.23 kl. 7.30-9.30
Adventsstund/julespel – Larsnes kyrkje	Torsdag 14.12. kl. 11.30
Siste dag før jul	Torsdag 22.12.23
Plandag, barnehagen stengt	Tysdag 02.01.24
Fyrste dag etter nyttår	Onsdag 03.01.24
Plandag, barnehagen stengt	Fredag 15.03.24
Foreldreskule – overgong barnehage-skule	Mars 2024
Påskefrokost	Fredag 22.03.24
Foreldresamtalar	Mars/april
Foreldreskule – overgong barnehage-skule	April 2024
Plandag, barnehagen stengt	Fredag 10.05.24
Sommarfest (for Raud gruppe m/foreldre)	Fredag 14.06.24
Sommarfest for alle	Tysdag 18.06.24
Plandag, barnehagen stengt	Fredag 28.06.24
Siste dag før ferien	Fredag 05.07.24
Fyrste dag i nytt barnehageår	Måndag 05.08.24

## 20. ÅRSKALENDAR

Månad	Tema	Mål	Fagområde	Metode
<b>August</b>	Tilvenning, familien min	God start, trygghet og trivsel. Skape gode relasjoner på eiga og andre avdelingar; både barn og personale.	Barnehagelova i si heilheit. Respekt, ansvar og omsorg.	Trygge støttande vaksne, god tid. Deler i grupper. Barna snakkar om familien sin, huset sitt og kvar dei bur.
<b>September</b>	Brannvern veke 37 & 38	Barna skal få kjennskap til korleis opptre om alarmen går, førebyggjande Brannvern.	Språk, tekst og kommunikasjon. Kunst, kultur og kreativitet. Mengd, rom og form. Nærmiljø og samfunn.	Samtale om tema. Songar, litteratur, forming, varsla og uvarsla brannøving, «slukke» brann, sjå på Bjørnis, leike brann og øving.
	Natur rundt oss	Barna skal få kjennskap til naturen rundt oss og dei ulike årstidene. Bruke naturen på ulike måtar til å fremje fysisk aktivitet og helse. Barna skal få kjennskap til berekraftig bruk av naturen.	Natur, miljø og teknologi Språk, tekst og kommunikasjon. Kunst, kultur og kreativitet. Mengd, rom og form. Nærmiljø og samfunn Kropp, rørsle, mat og helse Etikk, religion og filosofi	Songar, rim, reglar, bøker, tur i naturen, plukke bær og frukt og bruke det i matlaging, lage kunst av naturmateriale.
<b>Oktober og november</b>	Verdsrommet	Barna skal verte kjende med verdsrommet og dei ulike planetane, månen og sola.	Natur, miljø og teknologi Språk, tekst og kommunikasjon. Kunst, kultur og kreativitet. Mengd, rom og form.	Songar, bøker, sansing, virituell tur til verdsrommet, formingsaktivitetar.
<b>November og Desember</b>	Advent og jul	Vi ynskjer at barna skal få kjennskap til kultur, tradisjon og kvifor vi feirar jul i Noreg. Formidle gjevargleda.	Etikk, religion og filosofi. Språk, tekst og kommunikasjon Kunst, kultur og kreativitet.	Bøker, songar, lage julegåver og julepynt, fylje tradisjonane vi har i Hauemarkja.
<b>Januar og februar</b>	Eventyr	Bruke eventyr som metode for språkstimulering. Barna skal få kjennskap til ulike eventyr.	Språk, tekst og kommunikasjon. Kunst, kultur og kreativitet. Mengd, rom og form.	Songar, høgtlesing, dramatisering, bruk av konkretar, bruk av digitale verktøy, formingsaktivitetar, rim, reglar. Samtale og undre seg

				saman med borna. Gå på tur og sjå etter eventyrelement i naturen. Leik.
<b>Mars</b>	Påske	Barna skal få kjennskap til vi feirar påske; kultur og tradisjon	Etikk, religion og filosofi. Språk, tekst og kommunikasjon Kunst, kultur og kreativitet.	Bøker, songar, lage påskepynt, fylje tradisjonane vi har i Hauemarkja.
<b>April</b>	Naturen rundt oss	Barna skal få kjennskap til naturen rundt oss og dei ulike årstidene. Bruke naturen på ulike måtar til å fremje fysisk aktivitet og helse. Barna skal få kjennskap til berekraftig bruk av naturen.	Natur, miljø og teknologi Språk, tekst og kommunikasjon. Kunst, kultur og kreativitet. Mengd, rom og form. Nærmiljø og samfunn Kropp, rørsle, mat og helse Etikk, religion og filosofi	Songar, rim, reglar, bøker, tur i naturen. Søppelplukking Gardsbesøk, lamming.
<b>Mai</b>	17. mai Mangfaldet rundt oss.	Barna skal lære om kvifor vi feirar 17. mai og få kjennskap til at mange andre land har andre nasjonalrådagar. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for liuvsverda og levesettet til andre menneske.	Etikk, religion og filosofi. Nærmiljø og samfunn Språk, tekst og kommunikasjon.	Snakkar og les om ulike land, språk, familiesamansetjingar. Flagg, kart og ulik mat. Songar på ulike språk.
<b>Juni/juli</b>	Naturen rundt oss	Barna skal få kjennskap til naturen rundt oss og dei ulike årstidene. Bruke naturen på ulike måtar til å fremje fysisk aktivitet og helse. Barna skal få kjennskap til berekraftig bruk av naturen.	Natur, miljø og teknologi Språk, tekst og kommunikasjon. Kunst, kultur og kreativitet. Mengd, rom og form. Nærmiljø og samfunn Kropp, rørsle, mat og helse Etikk, religion og filosofi	Songar, rim, reglar, bøker, tur i naturen. Plukke blomster, lytte til fuglesong, studere ulike insekt.

